



Arkivnr: 2016/34293-15

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.11.2017
Fylkestinget		12.12.2017

Garantiar for bompengeprojekt som skal overførast til Sørvest Bomvegselskap AS

Samandrag

Etter kvart som Sørvest Bomvegselskap AS skal ta over bompengeprojekt, må også garantiar for lån overførast til Sørvest Bomvegselskap AS.

For Stordalstunnelen på E134 er det fylkeskommunen som har vore bompengeselskap, og har teke opp lån. Når lånet skal overførast til Sørvest Bomvegselskap AS, bør fylkeskommunen garantere for lånet, slik at Sørvest Bomvegselskap AS kan få tilsvarende rente som fylkeskommunen har hatt.

Økonomi: Ikkje nemnande effekt. Legg til rette for at eit lån på 160 mill. kr vert trekt ut av fylkeskommunen sin balanse og overført til Sørvest Bomvegselskap AS.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ikkje direkte kopla mot regional planstrategi, men oppfølging av statlege reformer i bompengesektoren.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldninggaranti overfor Sørvest Bomvegselskap AS for lån til Stordalstunnelen på inntil 160 mill. kr. I tillegg til hovudstol omfattar garantien inntil 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar.
2. Garantiansvaret gjeld maksimalt fram til utgangen av 2026.
3. Fylkestinget godkjenner at garantiar fylkeskommunen tidlegare har stilt overfor andre bompengeselskap kan overførast til Sørvest Bomvegselskap AS, etter kvart som selskapet er klar til å ta over dei aktuelle bompengeprojekta.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.11.2017**Stordalstunnelen**

Fylkeskommunen har vore bompengeselskap for Stordalstunnelen på E134 i Etne. Saman med dei fleste andre bompengeprojekt, skal dette projektet leggast inn under det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS.

Fylkeskommunen har teke opp lån til projektet. Lånet har vore på 175 mill. kr, men er i haust nedbetalt til 160 mill. kr. Når lånet skal overtakast av Sørvest Bomvegselskap AS, vil det vere behov for fylkeskommunal garanti, for å få så låg rente som mogleg.

Tunnelen vart opna i 2016, men byggjerekneskapen er enno ikkje avslutta. Siste prognosen frå Statens vegvesen er at det vil bli rekvirert om lag 5 mill. kr meir frå bompengeselskapet.

Ein reknar med at bompengelånet vil bli nedbetalt i løpet av 7 – 8 år. I følgje garantiforskrifta kan garantiperioden maksimalt strekkje seg 2 år ut over forfallet for lånet. Fylkesrådmannen rår til at garantiperioden gjeld fram til utgangen av 2026.

Ein vurderer risikoen ved denne garantien som minimal. Det har vore kravd inn bompengar på denne staden gjennom mange år, til utbetring av strekningar på Åkrafjordvegen. Bompengeinntektene har vore relativt stabile.

Samanlikna med dagens situasjon, der fylkeskommunen er låntakar, kan ein ikkje sjå at risikoen aukar ved å overføre lånet til Sørvest Bomvegselskap AS, og stille sjølvskuldnargaranti.

Eksisterande garantiar

Fylkestinget har gjeve garantiar for følgjande bompengeprojekt – som skal overførast til Sørvest Bomvegselskap AS i samsvar med den nye ordninga for bompengeprojekt:

Beløp i kr 1 000

Garanti gitt til	Garantibeløp	Lånesaldo	Garantiperiode
Fastlandssamband Halsnøy AS	188 810	139 310	2023
Austevoll Bruselskap AS	230 000	110 000	2024
Hardangerbrua AS	1 750 000	1 470 000	2029
Jondalstunnelen A/S	125 000	47 200	2025
Voss og omland bompengeselskap AS	780 000	610 000	2030
Kvam bompengeselskap AS	370 000	300 000	2029
Bømlo Vegselskap AS	600 000	600 000	2030
Bergen bompengeselskap AS	5 800 000	5 270 000	2027
Askøy Bompengeselskap AS	1 100 000	0	2030
Bergen-Os Bompengeselskap AS	3 500 000	2 048 000	2038
Nordhordlandspakken	750 000	0	12 år
Totalt garantibeløp / lånesaldo	15 193 810	10 594 510	

For dei fleste projekta er lånesaldo oppdatert pr. 30.06.2017.

Fylkestinget har i sak 17/17 Sotrasambandet Rv 555 (Storavatnet-Kolltveit) – bompengesøknad godkjent å stille garanti med inntil 3 mrd. kr. Garantien vart stilt overfor Sørvest Bomvegselskap AS direkte, og er dermed ikkje omfatta av overføring av garantiane som denne saka gjeld.

I samband med godkjenning av fylkeskommunen sin årsrekneskap for 2016 – fylkestingssak 37/17 – hadde fylkesrådmannen ein gjennomgang av garantiane og vurdering av risikoen knytt til desse.

Risikovurderinga vart gjennomført av Statens vegvesen som med bakgrunn i bompengeselskapa sine rekneskapstal vurderte attståande innkrevjingstid med tre ulike rentescenario for selskapa sine lån – uendra rente, auke på 0,25% årleg og auke på 0,5% årleg til maksimalt 6,5% rente. Det vart også gjort vurderingar der ein la til grunn scenario med uendra trafikktal og med reduksjon i trafikken på 0,5%.

Statens vegvesen sine analysar viste at det ikkje er særleg risiko for at fylkeskommunen sitt garantiansvar vert gjort gjeldande. Før dette skal kunne skje, skal i tillegg innkrevjingstida utvidast med 5 år.

Fylkesrådmannen legg til grunn at garantiane etter kvart skal overførast til Sørvest Bomvegselskap AS. Sørvest Bomvegselskap AS er eigd av fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkesrådmannen reknar ikkje med at risikoen vert påverka av at lån og garantiar no vert samla i eitt selskap.